




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Ulstein vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2022-2023



# Innhaldsliste

<b>1. Rektor har ordet</b>	<b>2</b>
<b>2. Nøkkellopplysningar om skolen</b>	<b>4</b>
2.1 Organisasjonen	4
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	5
2.3 Inntak vgl - føresetnader	5
<b>3. Læringsmiljø</b>	<b>7</b>
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	7
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	8
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	9
<b>4. Skoleårsresultat</b>	<b>10</b>
4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring	10
4.2 Karaktersnitt	11
4.3 Fråvær	12
4.4 Elevar som har slutta	13
4.5 Overgangar	14
<b>5. Leiing og profesjonsutvikling</b>	<b>15</b>

# 1. Rektor har ordet

Ulstein vidaregåande skule hadde skuleåret 2022-2023 547 elevar på 5 utdanningsprogram, TAF (YSK) inkludert i dei. I tillegg til dei ordinære klassene hadde skulen ei språkklass, eit tilbod som ligg mellom grunnskule og vidaregåande opplæring, der målet er å lære meir norsk, men også kunne forbetra karakterane frå grunnskulen. I tillegg til ordinær vidaregåande opplæring har skulen eit ressurssenter som i hovudsak tilbyr undervisning i fellesfaga som dannar grunnlaget for studiekompetanse.

Skuleåret 2022-2023 var det første normale skuleåret etter covid-19-epidemien. Dette skuleåret skulle gå som normalt, også med eksamen. No vart det ikkje heilt slik, sidan eksamen i norsk hovudmål vart sterkt prega av problem rundt det data tekniske, både nasjonalt og lokalt i fylkeskommunen.

Ulstein vgs har hatt eit nært samarbeid med lokalt næringsliv, både gjennom skulen si elektroutdanning og i samband med TAF-tilbodet ved skulen. Tilbodet innan TAF er i ferd med å fasast ut, etter eit nedleggingsvedtak i fylkestinget. Siste TAF-klassa gjekk ut dette skuleåret. Skulen har elles jobba aktivt for å auke talet på elevar innan sal, service og reiseliv som går ut i lære gjennom å etablere nye samarbeid i næringslivet. For tredje gong hadde skulen elevar frå sal og reiseliv i praksis i 14 dagar på Gran Canaria. Ulstein vgs er framleis ein av skulane som er under paraplyen Ocean Industry School, men det vore liten aktivitet dette skuleåret. Andre skular som er med er Spjelkavik vgs og Haram vgs. Elevane lever i eit globalisert samfunn og skulen har tidlegare satsa på deltaking i internasjonale program, ekskursjonar i samband med språkopplæringa og studieturar. Dette skuleåret var det kun treningsturen til La Santa med Vg3 idrett som vart gjennomført.

Ulstein vgs jobbar hardt for at kvar elev skal få moglegheit til å fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifisert for arbeidsliv og utdanning. Saman med grunnskulane i området jobbar vi for å skape gode overgangar mellom ungdomsskule og vidaregåande, slik at elevar og foreldre blir mest mogleg budde på skulestart og skulekvardagen hos oss. Vi har også ein tanke om at det er viktig for eleven å møte på skulen i nokre fag, sjølv om han/ho ikkje maktar å delta i alle faga. Dette kan føre til større prosent elevar med ikkje Vurdering i fag eller med status delkurselev. Vi meiner likevel det er viktig for eleven å ha noko kontakt med skulen framfor ingen. Det er viktig å kome seg ut og å ha noko sosial kontakt, då vert sjansen for at eleven til slutt fullfører, større. Skulen har rutine for kva som skal skje dersom ein elev står i fare for å få IV eller stryke i eit fag.

Ulstein vgs har siste åra gjort bevisste val når det gjeld teknologi. Vi har investert i pc-ar med touchskjerm til alle tilsette, digitale tavler på alle klasserom og har sett tydelege krav til bruken av teams og OneNote. Vi har vore godt rusta til digital undervisning gjennom heile korona-perioden. Våren 22 fekk vi til ein avtale med bl.a. NTNU om eit

forskningsprosjekt kalla Penn på PC, noko som medførte at VG1 elevane skuleåret 22–23 måtte buke PC'ar med touch-skjerm. 40 av elevane våre reiste til Trondheim hausten 22 for å sjekke om hjerneaktiviteten er annleis når ein skriv med digital penn på PC samanlikna med bruk av tastatur. Endleg resultat i prosjektet er ikkje kome enno. Skuleeigar er ein av støttespelarane i prosjektet.

Skuleåret 2020–2021 la vi om timeplanen frå enkelt- og dobbeltimar til eit eller to fag per dag. Denne organiseringa hadde vi også skuleåret 2021–2022. Vi forserte timetalet i faga, slik at mesteparten av undervisninga var ferdig før eksamsperioden skulle ha starta. Den nye organiseringa er heilt i tråd med fagfornyinga sin tankar om djupnelærings. Ordninga vart evaluert på nytt skuleåret 2021–2022 og vi valde å legge noko om til skuleåret 2022–2023. Omlegginga førte i hovudsak til to fag per dag måndagar og torsdagar og dermed også kortare tid mellom kvar gong elevane møter faget. Dei andre dagane i veka vart lite påverka av justeringa.

Elevane våre trivest godt, både saman med medelevar og lærarar. Dei er bra motiverte og det er eit godt utgangspunkt for læring. Gjennom forventningar til elevane og god oppfølging, både fagleg og sosialt, presterer elevane våre godt. Skuleåret 21–22 hadde skulen ein fullført og bestått-prosent på 92,1. Denne gjekk noko ned i 22–23, til 90,1%. Grunnen kan vere samansett, men gjeldande 10%-fråværsgrønse og full runde med eksamen er nok noko av grunnen.

Vi har ei samansett elevteneste med både rådgjevarar, PPT og helsejukepleiarar som gjer at elevane oppfattar at det er eit trygt miljø på skulen. Siste åra har skulen hatt full helsejukepleiardekning og vel så det, med både kvinneleg og mannleg helsejukepleiarar. I tillegg hadde vi 50% prosjektstilling innan psykisk helse i skulen, også i kommunal regi. Det har vore gull verdt og all ære til vertskommunen Ulstein kommune som vel å prioritere dette feltet. Kommunepsykologen jobbar også førebyggande og i tett samarbeid med skulehelsetenesta. Med dei oppnådde resultata ligg skulen OK ann i høve målsettingane og forventningane som er sett i Oppdragsavtalen.

Ulstein vgs passerte 50 år i august 2021. Grunna koronapandemien vart det inga storstilt feiring, men vi hadde kakefest for elevane og besøk av May-Britt Moser i oktober 2022. I løpet av våren 2023 vart også jubileumsboka ferdig.

Margaret Alme  
rektor

## 2. Nøkkellopplysningar om skolen

### 2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	55,80
Tal på årsverk i leiarstillingar	5,00
Tal på årsverk andre tilsette	14,93



Skulen si leiing bestod skuleåret 2022–2023 av rektor, assisterande rektor og tre avdelingsleiarar. **3** i leiinga er kvinner, **2** er menn.

Skulen har **4** tilsette innan merkantilt, **6** fagarbeidrar/assistentar, **9** innan drift (kantine, reinhold, bibliotek) og **60** pedagogisk tilsette.

I tillegg kjem IT med **4**, inkludert 2 lærlingar, og teknisk drift med **2**, men desse er tilsette sentralt i fylkeskommunen

Kjønnsfordelinga skuleåret 2022–2023 var **52** kvinner og **32** menn.

Når det gjeld IT og teknisk drift så er alle menn.

## 2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	66	78	80	224
Idrettsfag	56	56	54	166
Elektro og dатateknologi	28	26		56
Påbygg (inkl. YSK)			40	40
IT og medieproduksjon	12	13		25
Sal, servise og reiseliv	10	11		21
Total				532

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	15
---	----

Ulstein vgs har hatt stabile søkjartal over lang tid og stor stabilitet i klassetalet. Tabellen over viser ikke detaljene når det gjeld TAF og påbygg. Skuleåret 22/23 fullførte siste TAF-klassa 4.året og skulen har ikke lenger det tilbodet. Vg4-klassa hadde 13 elevar.

## 2.3 Inntak vg1 - føresetnader

### 2.3.1 Karakterpoengsum frå grunnskolen

	2021-22	2022-23	Fylket 2022-23
0 eller ingen	2,0%	2,8%	2,9%
0 - 25	0,5%	0,8%	1,3%
25 - 30	2,7%	2,4%	3,8%
30 - 35	8,6%	6,8%	9,6%
35 - 40	12,6%	11,3%	15,2%
40 - 45	22,8%	22,0%	22,4%
45 - 50	27,1%	27,1%	23,3%
Over 50	23,7%	26,9%	21,4%

## **2.3.2 Karakterpoengsum frå grunnskolen siste fem år**

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ulstein vidaregåande skule	43,0	43,5	43,8	44,4	45,0
Fylket	41,5	41,8	42,4	42,9	43,3

## **2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse**

Inntakspoenga til skulen har vore markant stigande dei to siste åra. Kva som kan vere grunnen til det dannar grunnlag for analyse og diskusjonar. Dei tre covid-åra utan eksamen kan vere ein grunn, forsterka av ein praksis rundt fråvær og fråværsgrense som gjorde at det faktiske fråværet desse åra var svært høgt, samstundes som skulane «skulle sette karakter der det i det heile var mogleg». Dette kan ha ført til ein form for inflasjon i karaktersettinga. Fagfornyinga og endra vurderingspraksis kan vere ein annan faktor.

Skuleåret 22-23 var første året med eksamen etter covid-pandemien. Tre år utan eksamen hadde truleg ein konsekvens. Ut frå inntaket burde Ulstein vgs ha hatt høg gjennomføring og gode eksamensresultat, særleg på Vg1 og Vg2. På Vg1 hadde vi 91,2% fullført og bestått, på Vg2 var talet 93,0%. Tal vi er nøgde med, men med eit inntak ein god del over fylkessnittet, bør det også ligge så pass høgt.

# 3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

## 3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Det er ingen større endringar i resultat frå Elevundersøkinga H22, samanlikna med H21, der det er mogleg å samanlikne. Udir endra moglegheitene for rapportering V23 og det vart difor vanskeleg å gjere dei same analysane av resultata som vi har gjort i alle år. Ser vi på hovudgruppene av spørsmål når det gjeld Læringsmiljø og samanliknar 22-23 med 21-22 er det berre små endringar. Dei største endringane ser vi på Vg3, der går resultata ned på alle områda.

Uavhengig av Elevundersøkinga ser skulen at det er viktig å jobbe med læringsmiljøet og har siste åra hatt fokus på fellesaktivitetar både på trinn og for heile skulen. I tillegg har vi jobba konkret inn mot avgangselevane/russen.

I skulen sin handlingsplan for 23-24 har vi tatt med nokre av resultat:

Indikator	Målsetting	Skulen sitt resultat H22 for Vg1	Skulen sitt resultat H22 for Vg2	Skulen sitt resultat H22 for Vg3
Trivsel	4,3	4,4	4,1	4,1
Læringskultur	4,1	4,2	4,2	4,0
Motivasjon	3,8	3,7	3,4	3,3
Mobbing	0	*	*	*

Indikator	Målsetting	Skulen sitt resultat H22 for Vg1	Skulen sitt resultat H22 for Vg2	Skulen sitt resultat H22 for Vg3
Meistring	4,2	3,9	3,9	4,0
Støtte frå lærar	4,1	4,2	4,0	3,9
Fagleg utfordring	4,4	4,4	4,4	4,5

## 3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-4 i opplæringslova	2
Tal på aktivitetsplanar etter § 9A-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 9A-7 i opplæringslova	0

Talet på §9a-saker er lite ved skulen med tanke på at skulen har over 500 elevar, men har ein ei slik sak så er det ei for mykje. Elevundersøkinga viser stabilt god trivsel blant elevane våre, men det betyr ikkje at vi ikkje har saker å jobbe med. Opp mot russen har vi jobba med inkludering og inkluderande russefeiring, og det at alle avgangselevane, enten dei feirar russ eller ikkje, må kunne inkluderast i samlingar og aktivitetar. Skulen har eit godt samarbeid med politiet, Ung Arena Ulstein og skulehelsetenesta i arbeidet rundt russen. På foreldremøta på Vg1 og Vg2 var russefeiring eit tema.

Det førebyggande arbeidet startar på Vg1 med VIP Makkerskap for alle klassene, samt nokre klasser på vg2 og Vg3 der det er stor utskifting av elevar. Vestre Viken sitt VIP Snakk om det (psykisk helse) vert gjennomført for Vg1-elevane i februar/mars i samarbeid med PPT, skulehelsetenesta og kommunepsykolog.

For Vg2 har vi ein temadag der temaet er rus. Dette er også i samarbeid med skulehelsetenesta, PPT og Ulstein kommune v/kommunepsykologen.

Ulstein vidaregåande skule har god dekning innan skulehelsetenesta, i utgangspunktet 2 skulehelsesjukepleiarar og ein prosjektstilling i 50% innan psykisk helse. Det gjer at skulen hadde tilgang til skulehelsetenesta kvar dag gjennom skuleåret.

Saker som vert melde vert handsama raskt og både skulen sitt SIM og bruk av SPEKTER (Læringsmiljøsenteret sin digitale ikkje-anonyme undersøking) har vore tatt i bruk siste skuleåret. Laget rundt eleven er stort og både faglærarar, kontaktlærarar, skulen sine rådgjevarar og skulehelsetenesta/PPT er tett på når saker oppstår eller vert melde.

### **3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad**

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	11
Møte mellom elevrådstyret og leiinga	5
Møter i skolemiljøutval	1
Møter i skoleutval	2

	Ja/nei
Er skolemiljøutval og skoleutval slått saman?	Nei

Val av tillitselev og vara vert gjort i klassene innan utgangen av september. Leiinga og elevrådkontakta har møte med elevrådet med vara, der det vert valt leiar og nestleiar og medlemmar i styret. Deretter får elevrådet besök av elev- og lærlingeombodet i fylkeskommunen, der også ein frå elevorganisasjonen tek del.

Gjennom året har elevrådet møte om lag ein gong per månad og elevrådstyret har møte med leiinga; rektor, ass.rektor og elevrådkontakt, 2-3 gongar per termin. Det er elles tett kontakt mellom elevrådsleiar/-nestleiar og elevrådkontakta/leiinga gjennom året. Elevrådet har eigen kanal i skulen sitt fellestteam, det er også laga eigne chat-grupper for elevrådet med vara og for elevrådsstyret. Kommunikasjonslinjene er korte og det er enkelt å nå skulen si elevrådkontakt. Saker vert lagt ut i kanalen eller som vedlegg til møteinkallingar.

Alle elevane ved skulen, bortsett frå tilrettelagt klasse, gjennomfører både Elevundersøkinga og Undervisningsevalueringa.

# 4. Skoleårsresultat

## 4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

### 4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2022–23, prosent	90,1%
--	-------

### 4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Studiespesialisering	92,4%	91,0%	82,9%	88,6%
Idrettsfag	94,6%	96,4%	96,3%	95,8%
Elektro og datateknologi	85,2%	89,3%		87,3%
Påbygg (inkl. YSK). 3PB + 4TT			85,2%+61,5%	77,5%
IT og medieproduksjon	83,3%	100%		92,0%
Sal, servise og reiseliv	90,0%	90,9%		90,5%
Total				

### 4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Ulstein vidaregåande skule	90,5%	94,5%	93,4%	92,1%	90,1%
Fylket	87,9%	91,2%	91,4%	89,6%	87,9%

### 4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har gode gjennomføringstal, sjølv om delen fullført og bestått 22–23 er det lågaste prosenttalet på mange år. Eksamens vart krevjande for mange. Mange hadde sin første eksamen i livet. I tillegg vart gjenninnføringa av 10%-regelen med tanke på fråværet, også ein faktor som nok har spelt inn på standpunktvrurderinga. Under covid-tida var den i praksis fråverande.

## 4.2 Karaktersnitt

### 4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Studiespesialisering	4,20
Idrettsfag	4,38
Elektro og data teknologi	3,83
Påbygg (inkl. YSK). 3PB + 4TT	3,83
IT og medieproduksjon	3,90
Sal, servise og reiseliv	4,19

### 4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ulstein vidaregåande skule	4,12	4,26	4,26	4,25	4,18
Fylket	4,10	4,22	4,26	4,24	4,20

### 4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Her er det mykje statistikk ein kan grave seg ned i. Når det gjeld ST, der vi har det største elevtalet, ligg årets resultat midt på, samanlikna med dei siste 6 åra.

Variasjonen ligg mellom 4,16 – 4,24. Ser vi dette i lys av grunnskulepoenga, som har stige jamt dei siste 4 åra, 44,6 – 45,0 – 45,6 – 46,7, så burde kanskje resultatet ha vore betre. På idrett har skulen omrent same situasjonen. Dei siste 6 åra har resultatet variert frå 4,19 – 4,44, medan inntakspoenga har stige jamt; 44,2 – 44,6 – 44,9 – 45,5 – 46,7 – 47,2. Våren 23 var som sagt første året med ordinære eksamenar etter 4 år, i tillegg har vi gjennomført Fagfornyinga, så kvar årsakene kan ligge kan vere vanskeleg å sjå. Skulen vil jobbe med dette gjennom vurderingsarbeidet det komande skuleåret.

## 4.3 Fråvær

### 4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timer. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timer	Totalfråvær, prosent
Totalt	7,1	26,3	6,7%
Vg1	5,3	19,8	5,0%
Vg2	8,0	28,0	7,3%
Vg3	7,9	30,7	7,6%
Vg4			

### 4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Ulstein vidaregåande skule	5,3%	4,0%	1,8%	2,7%	6,7%
Fylket	4,8%	3,5%	2,5%	2,7%	6,6%

### 4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Å samanlikne fråværet før, under og etter covid-tida har lite hensikt. Under covid-tida kunne elev og føresette levere eigenmelding i staden for å måtte få legeattest, i tillegg skulle alle halde seg heime om dei var det minste sjuke. Dette førte til eit rekordhøgt reelt fråvær, men eit lite udokumentert fråvær. For skuleåret 22-23 vart fråværsgrensa på 10% udokumentert fråvær i fag sett i verk igjen og det har vore ein jobb å få elevane tilbake på sporet. Som skule ser vi at eit regelverk a la fråværsgrensa må vere gjeldande, om ikkje aukar fråværet. Elevane treng eit regelverk å forhalde seg til. Før covid'en såg vi ei klar forbetring i fråværet etter innføring av 10%-grensa.

Vi ligg noko høgare enn kravet i Fylkesstrategi for kvalitet på 4,5%.

## 4.4 Elevar som har slutta

### 4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2022–23

Prosent	Tal
2,1%	11

### 4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2018–19	2019–20	2020–21	2021–22	2022–23
Ulstein vidaregåande skule	1,3%	1,3%	1,1%	1,4%	2,1%
Fylket	3,0%	2,7%	2,2%	3,1%	3,1%

### 4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Skulen har låge sluttetal. Sjølv om vi i 22–23 kom opp i 2,1% ligg vi godt under kravet i fylkesstrategien på 3%. For Ulstein vgs er det viktig at elevar som ikkje klarer å følgje alle fag i ei skuleår, kan følgje nokre. Det er viktig både for læringa og for det sosiale. Sjukdom eller helseutfordringar gjer sjølvsagt at nokre berre må slutte eller ev. ta ei pause.

## 4.5 Overgangar

At overgangen frå grunnskule til vidaregåande skule vert opplevd som trygg og god, er viktig. Elevar med særskilte behov eller behov for tilrettelegging får tilbod om å møte skulen i løpet av 10.klasse, gjerne over så lang tid som 1/2 år eller meir. Vi kallar også inn elev og foreldre til planleggingsmøte, der vi skisserer kva tilbod vi kan gje. Skulen har få vedtak om rett til spesialundervisning, men legg vekt på tilrettelegging ut frå eleven sine behov. Det opplever vi vert positivt tatt imot.

Når elevar med særskilte behov nærmar seg ferdig vidaregåande opplæring er det viktig at vi startar planlegginga av det som skal skje i etterkant i god tid. Dette krev gjerne samarbeid med fleire instansar, bl.a. kommunen eleven bur i, eleven si ansvarsgruppe, NAV og/eller bedrifter.

Når det gjeld overgangen frå vidaregåande opplæring til høgskule og universitet, så er det ingen særskilte tiltak, bortsett frå utdannings- og yrkesrådgjeving gjennom mange og ulike kanalar. Overgangen frå Vg2 YF til lærepass kan vere krevjande med tanke på å finne lærepass. I ein marknad der næringslivet varierer, kan det vere utfordrande å kunne hjelpe elevane. Her er nettverk mellom skulen og næringslivet viktig. Innan elektro har det gått svært bra, sjølv om arbeidsmarknaden varierer.

Innan service og samferdsel er det få lærepassar i området og mange vel påbygg eller finn anna arbeid. Innan IKT har det vore enklare å få lærepass. Elles har ein av fylket sine formidlingskoordinatorar ansvaret for området her. Det opplever vi som eit svært positivt bidrag inn i arbeidet.

For dei yrkesfaglege elevane er praksis i YFF-faget ein viktig arena for å «vise seg fram» for ev. framtidige arbeidsgjevarar. Gjennom Erasmus+ har vi fått til 14 dagar med yrkespraksis i utlandet for elevar på sal, servise og reiseliv.

## 5. Leiing og profesjonsutvikling

Indikatorar for god praksis:

*Skolen drøftar pedagogisk praksis, på tvers av leiing og lærarkollegium, for å styrke det profesjonsfaglege fellesskapet. Dette vert gjort i fellesmøta for pedagogisk personale og leiinga. Fellesmøta kan vere organisert som plenumsmøte, eller som arbeid i tverrfaglege eller faglege grupper.*

*Skolen har arenaer for felles refleksjon og læring der lærarane samarbeider om planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa. Både lærarane og leiinga drøftar korleis skolens kommunikasjon og arbeidsmåtar kan utviklast. Skulen har eit system for arbeid i faggrupper, både for trinnet og på tvers av trinn.*

*Leiardialogen skal fremme skoleutvikling og godt samarbeid, både mellom kompetansesjefen og den enkelte skole, samt på tvers av skolane. Skulen v/leiinga opplever leiardialogen som positiv. Den gir ei nærheit til skuleeigar for heile leiinga og vi opplever at krav og forventningar til kvarandre vert tydeleggjorde.*

*For å vurdere tilsette si oppleveling av eigen arbeidskvardag legg ein til grunn medarbeidarundersøkingar. Skulen gjennomfører MTM og Undervisningsevaluering. Resultata her vert tatt opp etter dei retningslinjene som gjeld.*

## Skulen sin kompetanseplan

Skulen har kompetanseutviklingsplan for perioden 2022 – 2026.

Skuleåret 2022–2023:

Fire tilsette tok grunnutdanning med støtte: ein starta på YFL-utdanning og tre tok PPU-Y.

To tilsette tok vidareutdanning med støtte frå KFK.

Skulen sine tre avdelingsleiarar starta H21 på skuleleiarutdanning og fullførte den hausten 22

Skulen har siste åra innført ny teknologi, både teknisk i klasseromma, i utstyr til dei tilsette, og gjennom overgang til å bruke teams og OneNote og andre M365-system.. Skulen jobbar med den nye vurderingsforskrifta.

Opplæring i teams og OneNote for nytilsette i løpet av fellesdagane i august



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no)